

Saksprotokoll i fylkestinget - 16.06.2021

Jenny Følling (SP) reiste spørsmål kring eiga habilitet, då ho er styremedlem i Sunnfjord Utvikling AS. Fylkestinget vedtok samrøystes at Følling var inhabil etter forvaltningslova § 6 (1) bokstav e nr. 2. Følling gjekk frå under behandlinga av saka.

Fylkesordførar Jon Askeland (SP) gjorde merksam på at det i punkt 3 i innstillinga skal vere *Alfred Bjørlo* og ikkje *Tom Hiis Bergh* som vert innstilla som medlem til hovudutval for næring.

Avrøysting

Innstillinga vart samrøystes vedteke.

Vedtak

1. Fylkestinget innvilgar Gunhild Berge Stang sin søknad om fritak frå verv i folkevalde organ på følgjande vilkår: Fritaket gjeld frå 1. juli 2021 og ut valperioden.
2. Som ny medlem til fylkesutvalet, finansutvalet og fylkesvalstyret vert vald: Alfred Bjørlo
3. Som ny medlem til hovudutval for næring vert vald: Alfred Bjørlo
4. Som ny varamedlem til valnemnda vert vald: Geir Kjell Andersland
5. Som ny varamedlem til Vestlandsrådet vert vald: Alfred Bjørlo